



DEN NORSKE KYRKJA  
Dovre kyrkjelege råd

## MØTEBOK

Utvalg/styre/råd	Møtedato	Møtestad
Dovre kyrkjelege råd	tysdag 21. februar 2017, kl. 19.00 - 22.00	Klukkarhaugen

### TIL STADES PÅ MØTET

Med stemmerett:

Dovre sokn: Guri Ruste, Helle Hundevadt, Sonja Rykhus, Hans Ingvald Hovde.

Dombås sokn: Steinar Botheim, Martin Berg, Anne Lise Raatrø Pettersen, Randi Brennhaug.

Prest: Daniel Johansson

Kommunerepr.: Knut Nytn.

Med tale- og forslagsrett: kyrkjeverje Elin Marit Andgard, Tove Jenny Qvan.

### SAKER TIL HANDSAMING

SAK 01/17      ÅRSREGNSKAP 2016  
SAK 02/17      ÅRSMELDING 2016  
SAK 03/17      LITURGI OG LOKAL GRUNNORDNING  
SAK 04/17      VALG AV LEIAR OG NESTLEIAR  
SAK 05/17      LJOSTENNINGSTAD I DOVRE KYRKJE  
SAK 06/17      REFERAT OG ORIENTERINGER  
SAK 07/17      «FORSKJØNNING» DOMBÅS KYRKJEGARD

### UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på saksnummer 1-7/17 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

*Markus Berg*      *Anne Lise Pettersen*      *Guri Ruste*  
*Randi Brennhaug*      *Knut Nytn.*      *Helle Hundevadt*  
*Hans Ingvald Hovde*      *Daniel Johansson*      *Steinar Botheim*

**Innkalling:** Utsendt 10.2.2017.

**Hovedutskrift:** Dovre kommune v/ formannskapet og rådmannen, Prost i Nord-Gudbrandsdal, arbeidstakererepr. i administrasjonsutvalget, revisor.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	21. februar 2017	133	2016/1

## **SAK 01/17 ÅRSREGNSKAP 2016**

### **Saksopplysningar:**

#### Vedlegg:

- Årsregnskap 2016; drift, investering og balanse.

Årsregnskap skal handsamast i samsvar med forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd og økonomireglement for DKR. Årsregnskapet og årsrapporten skal fastsettest av rådet og leggest fram for revisor innan 1. mars.

"Regnskapsresultat" side 2 syner driftsinntekter, driftsutgifter og resultat. Oppsummering fins i årsmeldinga.

Budsjettregulering i samsvar med økonomireglement og delegasjon til dagleg leiar: Strøm alle kyrkjebygg, interne overføringer (ansvar kyrkjer, trusopplæringsreform, pilegrimsdager), vedlikehald bygning/anlegg og bruk av fond på Dovre kyrkjegard.

#### Merknader/opplysninger til enkeltpostar i regnskapet:

- Art 30580 (Diverse trekkpliktige godtgjørelser) er ny fra 2016. Dette er andel av køyregodtgjering (skattepliktig del) og mobilbeskatning.
- Art 37700 (Refusjon fra andre) på ansvar 31100 (diverse fellesutgifter/inntekter) skuldes mobilskatt (ansatte får påplussa inntekt ca 4.400 kr årleg som blir skattlagt. Påslaget må regnskapsførast attandeført på annan post enn art 30100 (fast lønn).
- Meirarbeid og materialer på ansvar 31200 (fellesrådets adm.) er måling av kontor.
- Det er regnskapsført strøm for 14 måneder pga. fakturaomlegging frå Eidefoss.
- Festeavgift blir periodisert (1/5 pr. år). Ein vesentleg del av forfall 2015 vart ikkje fakturert før i 2016 pga. dataproblem og er hovedgrunnen til budsjettavviket.
- Stell av graver momsbelagt f.o.m. 2016.
- Reparasjon av kyrkjegardsmur Dovre er ført i drift som vedlikehald, ikkje investering.
- Interne overføring frå pilegrimsarbeid (ansvar 34400) og trusopplæring (ansvar 34110) under funksjon 04400 (anna kyrkjelege verksemd) til funksjon 04200 (kyrkjer) er ressursbruk av kontor og kyrkjetenere på dei to områda.
- Administrativ ressursbruk (leiing, lønn, regnskap) er ikkje fordelt frå funksjon 04100 (administrasjon) til dei øvrige funksjonane. Eindel av kyrkjevevjestillinga burde vore regnskapsført på funksjon 04300 (kyrkjegardar), både for å synleggjere kostnaden og fordi det har betydning for kommunalt tilskot til andre trussamfunn.
- Interne overføringer mellom ansvar 34180 (konfirmantundervisning) og ansvar 34180 (konfirmantarbeid i prostiet) er rådets støtte til konfirmantleir.

#### **Innstilling:**

Rådet fastset det framlagte regnskapet som rådets regnskap for regnskapsåret 2016. Regnskapsmessig mindreforbruk (overskudd) blir sett av til disposisjonsfondet.

### **Saksopplysninger gjeve i møtet:**

Årets mindreforbruk (regnskapsmessig overskudd) kr 232.059 utgjør 4 % i forhold til driftsutgiftene. Funksjonen "Anna kyrkjelege verksemd" har positivt budsjettavvik med kr 173.000 og funksjonen "Kyrkjeleg administrasjon" med kr 55.000.

Forhold som har medverka til årets overskudd:

- Ein del gravfester med forfall i 2015 vart fakturert i 2016 pga. dataproblem.
- Attandeført overskudd frå KLP.
- Organisering av trusopplæringa gje mindre faste utgifter ved at det ikkje er tilsett trusopplærar. Staten har forutsett at rådet skal bidra med eigne midler til barn og unge på samme nivå som før tildeling av trusopplæringsmidler f.o.m. 2010. For året 2016 er det brukt for lite midler på dette området.
- Gode annonseinntekter og gåver til Kyrkjebladet.
- Store vedlikehaldsprosjekt har hatt stor fokus og tatt mykje ressursar, både økonomisk og personellmessig. Dermed har det i mindre grad vorte utført mindre vedlikehaldstiltak.
- Kommunens varsel om store nedskjæringer i kommunalt driftstilskudd frå 2017 førte til at DKR sette på "sparebremsene" og leiinga måtte prioritere økonomiprosessen framfor å bruke tid på driftstiltak, naudsynte vedlikehald og innkjøp.

Disposisjonsfondet er ved årets utgang kr 433.706,-. I høve til driftsutgiftene er det knapt 8 %. Fondet utgjør ein viktig buffer med tankje på dei økonomiske utfordringane Dovre kyrkjelege råd står overfor, men er faktisk mindre enn driftsutgiftane i ein månad.

### **Vedtak:**

Innstilling einstemmig vedtatt. \_\_\_\_\_

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	21. februar 2017	046	2012/2

## **SAK 02/17 ÅRSMELDING 2016**

### **Saksopplysningar:**

Vedlegg:

- Forslag til Årsmelding 2016.

### **Innstilling:**

Rådet fastsetter det framlagte forslaget som årsmelding 2016 for Dovre kyrkjelege råd.

### **Vedtak:**

Med dei endringer som vart presentert på møtet, er årsmelding 2016 einstemmig vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	21. februar 2017	312	2012/3

### **SAK 03/17 LITURGI OG LOKAL GRUNNORDNING**

#### **Saksopplysningar:**

##### Vedlegg:

- Liturgi for høgmesse
- Lokal grunnordning

På våren 2016 vart det tatt initiativ for å få til felles liturgi for alle kyrkjene i prostiet. Bakgrunnen var reaksjoner fra folk som ikkje kjente seg att i gudstenester andre stader, særleg melodier på dei liturgiske ledda samt at prestar som har gudstenester på fleire stader må forhalde seg til forskjellige liturgier. Alle organistar, prestar, diakonar og trusopplærarar var invitert til ei arbeidssamling i juni og dei fram møtte vart enige om ei grunnordning med ganske mange variantar og moglegheiter for lokale variantar.

Liturgi og "lokal grunnordning» skal handsamast av gudstenesteutvalget og kyrkjelydsmøtet.

#### **Innstilling:**

Dovre kyrkjelege råd vedtek framlagt forslag til liturgi og lokal grunnordning.

#### **Vedtak:**

Med endringsforslag fra gudstenesteutvalget, vart forslag til liturgi og lokal grunnordning einstemmig vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	21. februar 2017	002	2006/03

### **SAK 04/17 VALG AV LEIAR OG NESTLEIAR**

#### **Saksopplysningar:**

Leiar og nestleiar vert valgt kvart år, jamfør Kyrkjelova og Reglar om formene for verksemda til soknerådet og kyrkjelege fellesråd» § 1 punkt 3: «Soknerådet /kyrkjeleg fellesråd vel leiar og nestleiar mellom rådsmedlemmene i det konstituerande møtet og deretter kvart år. Valet vert gjort skriftleg. Den som har vore leiar eitt år, kan verte friteken fra val for det følgjande året.»

#### **Innstilling:**

Saka blir lagt fram utan innstilling.

### **Vedtak:**

Guri Ruste vart valgt til leiar med 10 stemmer. Steinar Botheim vart valgt til nestleiar med 8 stemmer.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	21. februar 2017	413	2011/12

### **SAK 05/17 LJOSTENNINGSTAD I DOVRE KYRKJE**

#### **Saksopplysningar:**

##### Vedlegg:

- Teikning

Sak 32/16.

Kriterier oversendt til Hjerleid handverkskule 5. januar:

- Passe inn i kyrkjastil og øvrig interiør
- Laga av brannsikkert materiale (i tillegg må det vere mogleg å sette den på glassplate – slike kan bestillast etter mål)
- Minst mogleg plasskrevjande i det den må plasserast i sideskip som er rømningsveg
- Enkelt å flytte
- Ha plass til minst 24 småljøs (globeljos fins i to størrelser) \_\_\_\_\_

Benjamin Kjellmann-Chapin, smedlærer på Hjerleid handverkskule, har laga tegning til ljostenningsstad i Dovre kyrkje. Smidd stål med kobberkors. Pris 21.500 + mva.

Dovre bygdekvinnelag har løyvd kr 2.500 til ny ljosglobe i Dovre kyrkje. Dovre kyrkjefond kan nyttast til innkjøpet, pr. 1.1.2017 er fondet på kroner 38.800.

I tillegg til teininga har vi fått svar på fylgjande spørsmål:

1. *Er det tenkt plass til ljøs på alle tre nivåene/ringene, og antall pr. ring?*

Ja, lys på alle nivå (dvs alle tre ringer).

30 lys til sammen (13 på den største ring, 10 på mellomringen, og 7 på minste ring).

Hvis dere vil ikke ha en med 13, så kan vi forandre det litt.

2. *Diameter?*

60cm, 40cm og 25cm. Det står også på teininga, på toppen.

3. *Overflate/farge?*

Smidd stål skal tekstureres litt med fjærhammer. Det vil si at vi varmer det opp til glødende, og slå på hver enkel del for å lage en rik, levende tekstur. Man ser ikke nødvendigvis hammerslagene, men tekstur fra det glødeskall som bygges opp når det er varmt. Med å slå, så slår det glødeskall inn litt, også får man tekstur. Da fjerne vi det glødeskall på en mekanisk visst etterpå.

Vi videre foreslå at vi bruke et strøk med en blanding vi lage sjøl som heter svartolje. Den er mørk grå, men litt skinnende. Det ser ut som ren fin smidd uten å bli dekket med noe, men den er veldig rust beskyttende. Kobberen skal vi pusse med sandpapir på hånd til å få oksidene som danner seg etter smiingen.

4. *Er det dekor på ringene som skimtes på tegningen? Fra døpefonten?*

Det er en karveskurd inspirert dekor som er preget inn i ringene som er inspirert av døpefonten. Hver ring har en slik dekor som er preget inn.

Tradisjonell ljosglobe i smijern med 24 ljøs fra Tveit smie (slik som dei i Eysteinkyrkja og Dombåskyrkja) kostar ca 9.000 kr + mva. Kasse til ljøs og betaling i smijern kostar ca 3.900 + mva frå Tveit smie.

**Innstilling:**

Saka blir lagt fram utan innstilling.

**Møtets handsaming:**

Helle Hundevadt erklærte seg inhabil.

**Vedtak:**

Dovre kyrkjelege råd syns det framlagte forslaget frå Hjerleid er interessant, og ynskjer å få utgreia fylgjande før endeleg vedtak:

- \_\_ Kors i messing i staden for kobber (messing i altarljøsestaker m.m.)
- Vekt m.t.p. flytting
- Plass til Kristusljøs
- Avstand mellom ringer og høgdeforskjell pga. varme
- Grannare ljøs
- Utforming; 2 ringer som går meir i eittt, kan øvste ring(er) vere lause, oval form, vidare ringer (må vurderast mot plass i midtgangen)

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	21. februar 2017		

## **SAK 06/17 REFERAT OG ORIENTERINGER**

### **Saksopplysningar:**

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 13. desember 2016**
- **Referater:**
  - Orgelkomiteen 24. januar og 8. februar.
  - Diakoniutvalget 16. januar med rapport fra Det gode møtet (sjå årsmelding).
- **Orienteringer:**
  - Renovering Dombås kyrkje: Isolering av tak over inngangsparti er snart ferdig. Hjerleid skal male siste strøk på ytterdør før innsetting i mars.
  - Nytt orgel Dombås kyrkje: Ny fasadeskisse og planteikning fra Ålems er vidaresendt til biskop og Riksantikvar med grunngjeving/argumenter.
  - Opprydding i eigedomsregister: Kontakt med kommunen om å få dette i orden.
  - Plan for verneverdige gravminner: Helge Klingberg (landskapsarkitekt og tidlegare kyrkjegardskonsulent) vil bistå på kriterier, utvalg og grunngjeving.
  - Knut Nytnun har deltatt på møte om Kongeveg-prosjektet. Det er tilsett prosjektleiar. Informasjon på DKR-møte i vår.
  - Tettstadsutvikling Dovre (området barneskulen/Coop): Nordplan har kome med skisser. Skilting er viktig for å få folk «av» E-6. Få med kyrkjjas behov her. \_\_\_\_\_
  - Heftet «Kirke og kommune» fra KA er bestilt til kommunestyret.
  - Medarbeiderkveld og kyrkjelydsmøte tysdag 18. april.
- **Post:**
  - Kirkemøtet: KM 18/15 Regler for bruk av kirkens klokker. Kirkemøtet 2017 vedtok ny dåpsliturgi og ny vigselliturgi. KM 11/17 Forsøk med alternativ arbeidsgiverorganisering etter virksomhetsoverdragelsen.
  - Prost i Nord-Gudbrandsdal prosti: Forslag til felles liturgi og felles grunnordning for alle kirkene i prostiet. Sjå sak 03/17.
  - Brønnøysundregisteret: Endring av navn, registrering av styret.
  - Johannes Brualøkken: Konsert i Dovre kyrkje 16. september 2017 «Fem år etter» Henvendelsen er oversendt kyrkjemusikkutvalget.
  - Solveig Thoresen: Brev vedr. konfirmantjubileum i Dovre 4. september 2016.
  - Stina og Tarjei: Takkekort.
  - Luna-Leandra, Ann Kristin og Bent-Ivar: Takkekort.
  - Familien Rindal: Julehelsing.

### **Innstilling:**

Protokollen frå rådsmøte 13. desember 2016 godkjennes.  
Øvrige orienteringer er tatt til etterretning.

### **Vedtak:**

Innstilling einstemmig vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	21. februar 2017	511	2014/6

## **SAK 07/17 «FORSKJØNNING» DOMBÅS KYRKJEGARD**

### **Saksopplysningar:**

#### Mail frå Knut Nytnun:

Det er montert lys som på ein fin måte lyser på inngangspartiet på kyrkja. Det er veldig bra men det får noko redusert effekt sett frå sør særleg. Årsaka er at det er store furuer som skjermar. Den som skjermar mest står utanfor kyrkja sitt område, mot Circle K. Desse furuene inne på kyrkjegarden i nærleiken av inngangspartiet er blitt ganske så store, og eg vil tru at dei er hogstmodne. Det er også forbunde med ein viss risiko mht storleik og plassering ift bårehus og inngangspartiet på kyrkja. Ein ny orkan kan være det som skal til for at ei eller fleire kan ramle ned. I sofall kan det bli katastrofalt i og med at avstand til dei nemde bygningar klårt er innafor rekkevidde til fleire av trea. Rundt på kyrkjegarden elles er det ei blanding av furu og bjørker. Det som er særmerkt er at det er noko manglande symmetri. Særleg for bjørkene er det gjeldande for dei står nokre plassar i klynger. Eg har fått innspel frå pårørande til gravlagte på kyrkjegarden som går på at det er ei plage med kaier som øydelegg blomster etc på gravene. Eg vil tru at plagene er noko proposjonal med antal tre fuglane har tilhaldsstad i. Ei evt felling av furuer vil kreve at det er "profesjonelle" med rette hjelpemiddel som gjer jobben mht tryggleik både til bygningar og gravplassar. Det gjeld nok ikkje i same grad for bjørker. Uansett bør felling og opprydding gjerast på snøføre/frosen mark i og med at ein nok må inn med maskinelt utstyr.

Forslag: Det vil etter mitt syn være visuelt positivt om ein kan ordne ein betre symmetri av trea på kyrkjegarden. I tillegg er det eit tryggingss aspekt og det kan bidra til å redusere plagen med fuglar som utøver skadeverk. Det gjennomførast ei synfaring for å kartlegge/merkje tre som bør takast ned. Når det er fastsett kan ein klårlegge kva ressursar som må leigast inn til felling av tre, fjerning av kvist, ivaretaking av trea (ved) og fjerning av stubbar.

#### Andre saksopplysningar:

Ved oppfylling av Dombås kyrkjegard, var det viktig å «frede» og bevare flest mogleg furu. Det var også utarbeid grønnplan for kyrkjegarden. Ikkje alt har fungert like godt, jamfør område mellom kyrkja og flaggstanga som hadde 3-4 buskeslag som voks ulikt og i kvarandre. Rosebed krev også jamnleg vedlikehald.

Når det gjeld flomljuset, må det justerast for at det skal få full effekt.

### **Innstilling til vedtak:**

Dovre kyrkjelege råd ber kyrkjegardsutvalget følge opp med synfaring saman med nokon som har kompetanse på skog og trefelling, og iverksette tiltak for å rydde opp rundt Dombås kyrkje og på kyrkjegarden. Tiltaket vert finansiert av disposisjonsfondet.

### **Vedtak:**

Innstilling einstemmig vedtatt.